



## Møtebok Røldal fjellstyre

Tidspunkt: Måndag 28. november 2022 – kl. 18-2030

Stad: Banken

**Desse møtte:** Tor Helge Haara Tjemsland, Andre Botnen, Anne Marie G. Rabba, Håkon Småbrekke, Randi Legård

Andre til stades på møtet: Heine Eikemo, Steinar Lund (sekretær)

Publisert: 7.12.2022

Saker til styremøtet:

**Sak 50/22: Meldingssaker**

**Sak 51/22: Eventuelt/informasjon hendingar frå førre møte**

**Sak 52/22: Søknadar frå Røldal grunneigarlag – støtte til prosjektet  
RESPEKT FOR LOKALSAMFUNN OG FELLESSKAP**

**Sak 53/22: Budsjett**

**Sak 54/22: Regulering av prisar for 2023**

**Sak 55/22: Møteplan 2023**

**Sak 56/22: Førebuande arbeid utleige beite**

Me stadfester med dette våre underskrifter at møteboka samsvarar med det som kom fram på møtet.

Tor Helge Haara Tjemsland/s/

Andre Botnen/s/

Randi Legård/s/

Anne Marie G. Rabba/s/

Håkon Småbrekke/s/

**Røldal Fjellstyre –5760 Røldal**

Leiar: tlf 481 03 170- epost: [leiar.roidal@fjellstyrene.no](mailto:leiar.roidal@fjellstyrene.no) Sekretær: tlf 482 70 778- epost: [roidal@fjellstyrene.no](mailto:roidal@fjellstyrene.no)  
[www.hardangervidda-fjellstyra.no](http://www.hardangervidda-fjellstyra.no)



## Sak 50/22: Meldingssaker

### Saksutgreiing:

#### Postliste:

- 2022.10.13-141.9 Røldal grunneigarlag - Søknad om støtte til prosjektet Respekt for lokalsamfunn og fellesskap!
- 2022.10.13-43 Jan Kristiansen - Søknad om grunneigars løyve til motorferdsel i utmark
- 2022.10.13-612.8 Røldal fjellstyre - Fellingsrapport Hardangervidda 2022
- 2022.10.13-612.8 Røldal fjellstyre - Fellingsrapport SR84 2022
- 2022.10.13-612.8 Røldal fjellstyre - Fellingsrapport SR85 2022
- 2022.10.20-612.3 Røldal fjellstyre - Innspel til beredskapsplan for omsyn til villrein i vanskelege vintrar
- 2022.10.24-43 Røldal fjellstyre - Søknad om motorferdselløyve, byggearbeid uthus Ninive
- 2022.10.27-43 Røldal fjellstyre - Svar på søknad om grunneigars løyve til motorferdsel i Røldal statsallmenning
- 2022.10.29-43 Jan Kristiansen - Søknad om grunneigars løyve til enkelttur gjennom Røldal statsallmenning
- 2022.11.02-60 Røldal fjellstyre - Førespurnad om fornying og endring av leigekontrakt Svandalsflona
- 2022.11.03-37 Røldal fjellstyre - Innspel til representantforslag om full revisjon av RSK
- 2022.11.08-011.3 FH as - Samarbeidsavtale, varigheit og modell for kostnadsdeling
- 2022.11.10-43 Røldal fjellstyre - Svar på søknad om grunneigars løyve til enkelttur gjennom Røldal statsallmenning
- 2022.11.11 Røldal fjellstyre - Førespurnad om innsyn i oppnemningsvedtak for Røldal fjellstyre
- 2022.11.15-60 Tommy Sandal - Spørsmål til Røldal fjellstyre
- 2022.11.15-60 Røldal fjellstyre - Svar til Tommy Sandal
- 2022.11.18-612.3 Villreinutvalet - Vidaresending av nytt CWD-estimat frå Veterinærinstituttet
- 2022.11.18-612.3 Villreinutvalet - Vidaresending av invitasjon til innspelsmøte om stortingsmelding om villrein
- 2022.11.21-612.1 Røldal fjellstyre - Informasjon frå Røldal fs angående mogleg vinterjakt
- 2022.11.21-035.0 Helge Hagen - Anbod på arbeid på Ulevåbotn

### Framlegg til vedtak:

Ingen.

---

### **Referat:**

Gjennomgang av postlista.

Ordskifte om CWD-situasjonen etter haustmøtet.

Brev frå Tommy Sandal 15. november blei gått gjennom. Brevet og svar frå fjellstyret blir lagt inn i postlista.

### Vedtak (sak 50/22):

Styret tek meldingssakene til vitande.

**Røldal Fjellstyre –5760 Røldal**

Leiar: tlf 481 03 170- epost: [leiar.roidal@fjellstyrene.no](mailto:leiar.roidal@fjellstyrene.no) Sekretær: tlf 482 70 778- epost: [roidal@fjellstyrene.no](mailto:roidal@fjellstyrene.no)

[www.hardangervidda-fjellstyra.no](http://www.hardangervidda-fjellstyra.no)



## Sak 51/22: Eventuelt/informasjon hendingar frå førre møte

### Saksdokument:

### Saksutgreiing:

- Status «Breifonn-prosjektet»: Problemstillinga har blitt drøfta uformelt med fjellstyresambandet. Tilbakemeldingane er at det truleg er mogleg at Røldal fjellstyre kan få delen av Breifonn statsallmenning som ligg i Ullensvang kommune inn under sitt ansvarsområde, og tilsvarende for Suldal fjellstyre for delen som ligg i Suldal kommune. Vidare er det truleg mogleg at dei to delane av statsallmenningen blir forvalta kvar for seg av kvart sitt fjellstyre. Utfallet av dette vil bli synleg i eit eventuelt oppnemningsvedtak av fjellstyre etter fjellova §§ 3-5. Uttale frå dagens fjellstyre vil vera sentralt, men det er kommunen si uttale til Statskog som er avgjerande for at Røldal fjellstyre skal kunne få Breifonn statsallmenning inn under sitt ansvarsområde. Det er sendt ein førespurnad til kommunen om innsyn i oppnemningsvedtak for Røldal fjellstyre. Tanken bak dette er å sjå kva område som er definert som Røldal fjellstyre sitt ansvarsområde per i dag. Tor Helge har vore i kontakt med leiar i Suldal FS. Dei delar Røldal FS sitt syn på ansvar og fordeling av forvaltninga på Breifonn SA.
- Fjellstyret har ikkje fått noko tilbakemelding frå Statsforvaltaren angående fiskeutsetting i nasjonalparken. Tor Helge ynskjer å purre dette, men vil høyre om fjellstyret delar hans oppfatning av at fiskeutsettingar i Skurevatnet må tas ut av driftsplanen.

### Framlegg til vedtak:

Ingen.

---

### **Referat:**

Tor Helge har vore i kontakt med Suldal fjellstyre om «Breifonn-prosjektet». Det er semje om at Røldal fjellstyre jobbar vidare med saka på vegner av begge fjellstyra. Det blir lagt opp til eit møte med kommunen etter nyttår. Kommunen har sendt fjellstyret oppnemningsvedtaka som blei førespurt.

Resultat frå prøvefiske viser at det gyt fisk i Skurevatnet. Det var difor semje om å ikkje leggja opp til utsetting i vatnet.

Fjellstyret melder interesse for stand på Røldalsmarknaden 2023. Det blir lagt opp til å ha lotteri som tidlegare.

Det blir kjøpt inn gassmålarar og medisinskap til fjellstyrehyttene.



Det blir søkt om midlar frå Grunneigarfondet, Sparebankstiftinga og eventuelt andre aktuelle kjelder til arbeidet som skal gjerast på Eriksbu.

Det blei teke initiativ til gratis busstransport til haustmøtet på Geilo 26. november. Røldal fjellstyre, Ullensvang fjellstyre og Eidfjord fjellstyre dekker kostnaden for dette, i tre like deler.

Det er stilt spørsmål til rekneskapsfører om fjellstyret skal betale arbeidsgjevaravgift på møtegodtgjersle til styremedlemmene. Det er noko ulik praksis rundt dette frå fjellstyre til fjellstyre. Rekneskapsfører undersøker dette, og gir fjellstyret ei tilbakemelding.

### **Vedtak (sak 51/22):**

Styret tek orienteringa til vitande.

## **Sak 52/22: Søknadar frå Røldal grunneigarlag – støtte til prosjektet RESPEKT FOR LOKALSAMFUNN OG FELLESSKAP**

### **Saksdokument:**

- 52-22 Søknad om støtte

### **Saksutgreiing (THHT):**

Røldal Grunneigarlag søkjer om økonomisk-støtte til prosjektet: RESPEKT FOR LOKALSAMFUNN OG FELLESSKAP!

I dette inngår arbeid som omfattar vassdragsanlegga i Røldal og Øvre Suldal (tidlegare Røldal-Suldal Kraft AS).

Grunneigarlaget arbeider for ei positiv utvikling i Røldal med omsyn til den nyleg oppstarta miljørevisjonen for vassdragsanlegga til Røldal-Suldal Kraft AS.

Røldal Statsallmenning inneheld fire reguleringsmagasin tilhøyrande RSK-anlegga, og vil soleis verte involvert i miljørevisjonen, når det kjem til endringar/utbetringar av miljøforholda rundt desse. Til dømes vil dette direkte gå på saker som fiskeutsetting i reguleringsmagasina (ingen per dags dato), vegrett o.l..

Det er soleis særskilt aktuelt at fjellstyret kan nytte grunneigarlaget sitt arbeid, i form av materiale og lokalkunnskap, for å argumentere for fjellstyret sine interesser i dei komande miljørevisjonen. Til dømes har leiar allereie brukt grunneigarlaget som kjelde til informasjon om korleis vasskraftreguleringa har påverka fisket i reguleringsmagasina.



Underteikna gjer merksam på at Grunneigarlaget har utført store delar av dette arbeidet på dugnad, kor utgifter o.l. vert betalt av grunneigarane sjølve. Underteikna meiner at fjellstyret bør vurdere å bidra til å økonomisk for å dekkje nokre av desse utgiftene, når fjellstyret kjem til å nytte deira kompetanse rundt dette i prosessen framover.

### **Framlegg til vedtak:**

Røldal fjellstyre støttar Røldal Grunneigarlag til administrasjon og informasjonsinnsamling til sitt prosjekt: «RESPEKT FOR LOKALSAMFUNN OG FELLESSKAP!» med kr xx 000. Støtta er til eit allmennyttig formål, og gjeve med føresetnad om at fjellstyret står fritt til å nytte den innsamla informasjonen til eige bruk.

Vedtaket vert gjort med heimel i fjellova § 11, tredje ledd, og med føresetnad om at Statskog godkjenner vedtaket.

---

### **Referat:**

Håkon Småbrekke og Andre Botnen var erklært ugilde i handsaming av saka, som medlemmer, eller nær slektning av medlem, av Røldal Grunneigarlag. Jan Øvregård og Heine Eikemo var kalla inn som vara.

Anne Marie G Rabba var og erklært ugild av same årsak, men vara var ikkje kalla inn, då vara også er ugild. Saka blei med det handsama av Tor Helge, Randi, Heine og Jan.

Saka blei handsama via epost.

Tor Helge og Randi kom med framlegg om å støtta prosjektet med kr 45 000. Tor Helge kom med framlegg om å leggja til eit vilkår om at grunneigarlaget skal halda fjellstyret oppdatert på status til dei pågåande prosessane, samt informera om aktuelle høyringsfristar og liknande.

Styret slutta seg til framlegg om å støtta prosjektet med kr 45 000, med tilleggspunkt lagt fram av Tor Helge.

### **Vedtak (sak 52/22):**

Røldal fjellstyre støttar Røldal Grunneigarlag til administrasjon og informasjonsinnsamling til sitt prosjekt: «RESPEKT FOR LOKALSAMFUNN OG FELLESSKAP!» med kr 45 000. Støtta er til eit allmennyttig formål, og er gjeve med føresetnad om at fjellstyret står fritt til å nytte den innsamla informasjonen til eige bruk. Grunneigarlaget forpliktar seg til å halde fjellstyret oppdatert på status til prosessar som er relevante for fjellstyret, samt å informere fjellstyret om høyringsfristar o.l..

Vedtaket vert gjort med heimel i fjellova § 11, tredje ledd, og med føresetnad om at Statskog godkjenner vedtaket.

Samrøystes vedteke.



## Sak 53/22: Budsjett

### Saksdokument:

- 53-22 Utkast budsjett for 2023

### Saksutgreiing (THHT):

Forslaget til budsjett er lagt fram med fylgjande føresetnader:

- Tenestekjøp frå FHas som vedtatt i sak 55/21.
- Inntekter frå reinsdyrkort betydeleg mindre samanlikna med 2022.
- Andre inntekter på same nivå, eller noko mindre, samanlikna med 2021. Budsjetterer til dømes ikkje med økonomisk støtte.
- Kostand til renovering av Eriksbu, Ulevåbotn og uthus på Ninive vert 50% aktivert. Innvilga stønad til desse prosjekta (per no i overkant av kr 200 000, vert ikkje rekna med i budsjettet).
- Budsjettet vert sett opp med eit betydeleg underskot, noko som skuldast store kostandar til renovering, utbetring og oppsetting av bygningsmasse.
- Tor Helge minnar om at underskotet må sjåast i samanheng med overskot i 2022 og 2020.

### Framlegg til vedtak:

Ingen.

---

### **Referat:**

Styret samla seg om framlegg til budsjett.

### **Vedtak (sak 53/22):**

Styret vedtek framlagt budsjett for 2023.



## Sak 54/22: Regulering av prisar for 2023

### Saksdokument:

### Saksutgreiing (THHT):

Det er forskrift om jakt, felling, fangst og fiske som regulerar maksprisane på Statsallmenning.

Røldal FS ligg i dag på makspris fiskekort og på dei fleste av småviltjaktkorta. På reinsjakt ligg Røldal FS langt under prisrammene. Det må seiast at det er mange år sidan det har vorte seld reinskort enkeltvis, og at prisen nok difor ikkje er representativ.

Leiar vil tilrå å avvente fastsetjing av fellingsløyve på reinsdyr, til ein veit korleis reinsjakta vert i 2023.

Gjeldande prisar på Røldal SA i 2022:

## Prisar for jakt, fiske og hytteleige Røldal Fjellstyre

Innanbygds		Utanbygds:	
Fiske med stong	Pris	Fiske med stong	Pris
Dagskort	110,-	Dagskort	110,-
3 dagars kort	290,-	3 dagars kort	290,-
Vekekort	390,-	Vekekort	390,-
Sesongkort	790,-	Sesongkort	790,-
Ungdomkort (mellom 16-20 år) – 75% rabatt			
Småviltjakt		Småviltjakt	
Dagskort	140,-	Dagskort	280,-
Vekekort	790,-	Vekekort	1580,-
Sesongkort	1000,-	Sesongkort	2000,-
75% rabatt på dagskort ungdomskort (14-20 år)	35,-		70,-
Villreinjakt		Villreinjakt	
Kalv	700,-	Kalv	1400,-
Simle/Ungdyr	1300,-	Simle/Ungdyr	2600,-
Bukk	1600,-	Bukk	3200,-
Fritt dyr	2100,-	Fritt dyr	4200,-
Hytteleige pr nått/person		Hytteleige pr nått/person	
Vaksen	100,-		200,-

Røldal Fjellstyre –5760 Røldal

Leiar: tlf 481 03 170- epost: [leiar.roidal@fjellstyrene.no](mailto:leiar.roidal@fjellstyrene.no) Sekretær: tlf 482 70 778- epost: [roidal@fjellstyrene.no](mailto:roidal@fjellstyrene.no)

[www.hardangervidda-fjellstyra.no](http://www.hardangervidda-fjellstyra.no)



Studentar	50,-		100,-
Under 16 år	gratis		gratis
«Dugnadspris»	gratis		gratis
Leige oppbevaringsboks			
I Eriksbu og Gamlabua	250,-		n/a
Garnfiskekort – gjeld og stongfiske i same periode			
Sesongkort garnfiske - Berre for innanbygds	250,-		n/a
Sesongkort garnfiske - Ungdomskort (mellom 0-20 år) – 75% rabatt	60,-		
Sesongkort garnfiske - Berre for innanbygds – «dugnad»	50,-		n/a
Familiesesongkort garnfiske – Berre for innanbygds	400,-		n/a
Familiesesongkort garnfiske – Berre for innanbygds – «dugnad»	100,-		n/a
Døgnkort Votna	200,-		200,-
Leigeprisar for stølar			
Nupshadlene	26 100,-		
Midtfjellsvollen	18 100,-		
Ståvassvikja	18 100,-		
Ulevåbotn	n/a		

Generelt meiner sakshandsamar at det der rett å ligge på prisrammer på både småviltjakt og fiske med stong. Dette er i utgangspunktet svært rimeleg og ei ettertrakta vare som er lett å selje. Det vart i 2021 vedtatt nye satsar i forskrifta, og fjellstyret justerte i 2022 sine prisar opp i samsvar med desse.

Unntaket er sesongkort for småviltjakt. Underteikna føreslår å halde prisen på dette uendra.

For villreinjakta sin del så er ikkje prisramma i nærleiken av det ein kan ta for jakta på Hardangervidda. Røldal FS har nok mest sannsynleg dei rimelegaste reinskorta på SA på Hardangervidda i dag. Underteikna meiner fjellstyret også framover må tilby jegerane billige fellingsløyver på rein

Sakshandsamar meiner fjellstyret må strekke seg langt for å stimulere til auka rekruttering, og føreslår å vidareføre prisrabatten for ungdom og studentar. Fjellstyret bør vurdere om ein bør utvide ordninga til å gjelde opp til 20 år. Dette for å samkøyre reglane meir.

Prøveordning med sal av døgnkort på garnfiske i Votna til utanbygdsbuande resulterte i 13 selde kort (av 20). Sakshandsamar finn ingen argumenter for å ikkje vidareføre dette tilbodet, men stiller spørsmålsteikn ved om det er nokon gode argumenter for å berre selje 20 kort. Kanskje ei avgrensing på to kort i døgnnet ville vore like fornuftig? Per no er det og ei avgrensing på 5 fiskegarn per kort. Underteikna finn heller ikkje nokon gode argumenter for at dette ikkje skal kunne doblast. (Men bør/må det stillast krav til fiskegarna som nyttas mtp sjukdommar o.l.?)





Sakshandsamar foreslår å indeksregulerer prisen for løyver på reinsdyr no, men at denne ikkje skal vera førande for prisen på eventuelle kortpakkar. Endeleg pris på kortpakkane må vedtas når ein veit storleiken på kvoten, eller kva rammevilkåra for årets jakt vert.

Underteikne foreslår å videreføra dugnadsprisane, om fjellstyret meiner at dette har fungert tilfredstillande.

### **Framlegg til vedtak:**

Forslag til prisar på Røldal SA i 2023:

## Prisar for jakt, fiske og hytteleige Røldal Fjellstyre

Innanbygds		Utanbygds:	
Fiske med stong	Pris	Fiske med stong	Pris
Dagskort	110,-	Dagskort	110,-
3 dagars kort	290,-	3 dagars kort	290,-
Vekekort	390,-	Vekekort	390,-
Sesongkort	790,-	Sesongkort	790,-
Ungdomkort (mellom 16-20 år) – 75% rabatt			
Småviltjakt		Småviltjakt	
Dagskort	140,-	Dagskort	280,-
Vekekort	790,-	Vekekort	1580,-
Sesongkort	1000,-	Sesongkort	2000,-
75% rabatt på dagskort ungdomskort (16-20 år)	35,-		70,-
Opplæringsjeger (14-16 år) i følge med veileidar som har gyldig dags-/vekeskort	Gratis		Gratis
Villreinjakt		Villreinjakt	
Kalv	750,-	Kalv	1500,-
Simle/Ungdyr	1400,-	Simle/Ungdyr	2800,-
Bukk	1700,-	Bukk	3400,-
Fritt dyr	2200,-	Fritt dyr	4400,-
Hytteleige pr nått/person		Hytteleige pr nått/person	
Vaksen	100,-		200,-
Studentar (mellom 20-25 år)	50,-		100,-
Under 20 år	gratis		gratis
«Dugnadspris»	gratis		gratis
Leige oppbevaringsboks			
I Eriksbu og Gamlabua	250,-		n/a

**Røldal Fjellstyre –5760 Røldal**

Leiar: tlf 481 03 170- epost: [leiar.roidal@fjellstyrene.no](mailto:leiar.roidal@fjellstyrene.no) Sekretær: tlf 482 70 778- epost: [roidal@fjellstyrene.no](mailto:roidal@fjellstyrene.no)

[www.hardangervidda-fjellstyra.no](http://www.hardangervidda-fjellstyra.no)



Garnfiskekort – gjeld og stongfiske i same periode			
Sesongkort garnfiske - Berre for innanbygds	250,-		n/a
Sesongkort garnfiske - Ungdomskort (mellom 0-20 år) – 75% rabatt	60,-		
Sesongkort garnfiske - Berre for innanbygds – «dugnad»	50,-		n/a
Familiesesongkort garnfiske – Berre for innanbygds	400,-		n/a
Familiesesongkort garnfiske – Berre for innanbygds – «dugnad»	100,-		n/a
Døgnkort Votna	200,-		200,-
Leigeprisar for stølar			
Nupshadlene	26 100,-		
Midtfjellsvollen	18 100,-		
Ståvassvikja	18 100,-		
Ulevåbotn	n/a		

### Referat:

Det var semje om framlegg til prisar, med fyljande tillegg:

Fjellstyret tilbyr leige av oppbevaringsboks for ein periode på fem år, til 1000,-. Det blir ikkje gitt refusjon viss ein ynskjer å sei opp leiga i leigeperioden.

Døgnkort Votna: Fjellstyret endrar tal kort tilgjengeleg for sal frå 20 døgnkort pr sesong til to døgnkort pr døgn, elles med dei same reglane som før.

Vedtak om pris for kortpakkar i villreinjakta blir utsett til kvote og kategori dyr er fastsett.

### Vedtak (sak 54/22):

Styret vedtek fyljande prisar for 2023:

## Prisar for jakt, fiske og hytteleige Røldal Fjellstyre

Innanbygds		Utanbygds:	
Fiske med stong	Pris	Fiske med stong	Pris
Dagskort	110,-	Dagskort	110,-
3 dagars kort	290,-	3 dagars kort	290,-
Vekekort	390,-	Vekekort	390,-
Sesongkort	790,-	Sesongkort	790,-

Røldal Fjellstyre –5760 Røldal

Leiar: tlf 481 03 170- epost: [leiar.roidal@fjellstyrene.no](mailto:leiar.roidal@fjellstyrene.no) Sekretær: tlf 482 70 778- epost: [roidal@fjellstyrene.no](mailto:roidal@fjellstyrene.no)

[www.hardangervidda-fjellstyra.no](http://www.hardangervidda-fjellstyra.no)



Ungdomkort (mellom 16-20 år) – 75% rabatt			
Småviltjakt		Småviltjakt	
Dagskort	140,-	Dagskort	280,-
Vekekort	790,-	Vekekort	1580,-
Sesongkort	1000,-	Sesongkort	2000,-
75% rabatt på dagskort ungdomskort (16-20 år)	35,-		70,-
Opplæringsjeger (14-16 år) i følgje med veileidar som har gyldig dags-/vekeskort	Gratis		Gratis
Villreinjakt		Villreinjakt	
Kalv	750,-	Kalv	1500,-
Simle/Ungdyr	1400,-	Simle/Ungdyr	2800,-
Bukk	1700,-	Bukk	3400,-
Fritt dyr	2200,-	Fritt dyr	4400,-
Hytteleige pr nått/person		Hytteleige pr nått/person	
Vaksen	100,-		200,-
Studentar (mellom 20-25 år)	50,-		100,-
Under 20 år	gratis		gratis
«Dugnadspris»	gratis		gratis
Leige oppbevaringsboks			
I Eriksbu og Gamlabua pr år	250,-		n/a
I Eriksbu og Gamlabua fem år	1000,-		n/a
Garnfiskekort – gjeld og stongfiske i same periode			
Sesongkort garnfiske - Berre for innanbygds	250,-		n/a
Sesongkort garnfiske - Ungdomskort (mellom 0-20 år) – 75% rabatt	60,-		
Sesongkort garnfiske - Berre for innanbygds – «dugnad»	50,-		n/a
Familiesesongkort garnfiske – Berre for innanbygds	400,-		n/a
Familiesesongkort garnfiske – Berre for innanbygds – «dugnad»	100,-		n/a
Døgnkort Votna	200,-		200,-
Leigeprisar for stølar			
Nupshadlene	26 100,-		
Midtfjellsvollen	18 100,-		
Ståvassvikja	18 100,-		
Ulevåbotn	n/a		

Døgnkort Votna: Fjellstyret endrar tal kort tilgjengeleg for sal frå 20 døgnkort pr sesong til to døgnkort pr døgn, elles med dei same reglane som før.

Samrøystes vedteke.

**Røldal Fjellstyre –5760 Røldal**

Leiar: tlf 481 03 170- epost: [leiar.roidal@fjellstyrene.no](mailto:leiar.roidal@fjellstyrene.no) Sekretær: tlf 482 70 778- epost: [roidal@fjellstyrene.no](mailto:roidal@fjellstyrene.no)

[www.hardangervidda-fjellstyra.no](http://www.hardangervidda-fjellstyra.no)

**Sak 55/22: Møteplan 2023****Saksdokument:****Saksutgreiing (THHT):**

Sakshandsamar ynskjer å kome fram til ein møteplan for 2023.

Møteplan Røldal Fjellstyre 2023	
Møtedato	Førebels saker til møtet
Måndag 06.02	Godkjenne rekneskap, planlegging vintersesong
Måndag 20.03	Høyring villreinutvalet villreinjakt, Planlegging reinsjakt/småviltjakt, orienteringar, status stølar og hytter
Måndag 29.05	Diverse før sommaren, Røldalsmarknaden
Måndag 16.10	Oppsummering sommarsesong + forhåpentlegvis reinsjakt....
Måndag 27.11	Siste fjellstyremøte for noverande regime.
evt telefonmøte	dersom det vert naudsynt med justeringsvedtak ifbm t.d. rjupejakt/reinsjakt kan dette takast på telefonmøte

Per no ingen planlagte møter utan «sekretærbehov».

Datoane er veiledane...

**Framlegg til vedtak:**

Ingen.

**Referat:**

Det var ingen merknadar til forslag til møteplan for 2023.



### **Vedtak (55/22):**

Møteplan Røldal Fjellstyre 2023	
Møtedato	Førebels saker til møtet
Måndag 06.02	Godkjenne rekneskap, planlegging vintersesong
Måndag 20.03	Høyring villreinutvalet villreinjakt, Planlegging reinsjakt/småviltjakt, orienteringar, status stølar og hytter
Måndag 29.05	Diverse før sommaren, Røldalsmarknaden
Måndag 16.10	Oppsummering sommarsesong + forhåpentlegvis reinsjakt....
Måndag 27.11	Siste fjellstyremøte for noverande regime.
evt telefonmøte	dersom det vert naudsynt med justeringsvedtak ifbm t.d. rjupejakt/reinsjakt kan dette takast på telefonmøte

### **Sak 56/22: Førebunde arbeid utleige beite**

#### **Saksdokument:**

#### **Saksutgreiing (SL):**

Kontraktane for utleige av stølane på Haukeli med tilhøyrande beite varar ut 2023. Fjellstyret bør få avklart framtidig beitebruk og ordning for Midtfjellsvodlen og Nupshadlane i god tid før 2024.

Det er jordbrukarar med bruksrett, dvs. innanbygdsbuande, som har rett til beite på statsallmenningen. Fjellstyret kan ikkje krevja betaling for denne beitebruken. Når det er beite som ikkje blir nytta av bruksrettshavarane, kan fjellstyret leiga ut beite til ikkje-bruksberettiga, jf. fjellova § 15 tredje ledd. Bruksberettiga med behov for beite kan til ei kvar tid melde si interesse for beite til fjellstyret, men det er naturleg at fjellstyret gjer det kjent at det er ledig beite for innanbygdsbuande frå og med 2024.

Dei tre stølane blir i dag leigd ut i lag med beitet som høyrer til. Jamfør tidlegare vedtak blir utleige av Ståvassvikja skilt frå beitet i området, medan fjellstyret ynskjer at det framleis skal vera stølsdrift på Midtfjellsvodlen og Nupshadlane. Det er eit behov for kontinuerleg



vedlikehald på bygningane, og det er truleg lite realistisk at inntekt frå beiteleige med tilhøyrande stølsbygningar kan settast høg nok til å finansiere vedlikehaldsbehova. Sakshandsamar foreslår at fjellstyret ser på stølane og beita som to separate ting etter at noverande kontraktar går ut. Dersom dei som nyttar beitet i området, anten innanbygdsbuande med bruksrett, eller utanbygdsbuande som leiger beitet, har behov for bygningane i samband med stølsdrift, kan fjellstyret leige ut bygningane i beiteperioden (om lag 15. juni til slutten av september). Det er naturleg at fjellstyret sjølv disponerer bygningane resten av året.

Ei slik ordning vil gje grunnlag for ein betydeleg inntektsauke på bygningane, samtidig som at prisen for leige av beite med stølsbygningar ikkje må aukast urimeleg mykje samanlikna med noverande kontraktar. Fjellstyret må tilby stongfiske og småviltjakt utan hund til alle busett i Noreg, jf. fjellova. Utleige av bygningar i samband med dette vil ikkje føre til auka aktivitet i området. Fjellstyret kan vurdere å leige ut småviltjakt i kombinasjon med hytte. Denne pakken vil då bruke av kvota med vekeskort som er tilgjengeleg på statsallmenningen, og såleis ikkje føre til ein auka aktivitet i området.

#### Oppsummering og tilråding:

- Fjellstyret lyser ut ledig beite til bruksberettiga frå og med 2024 på beiteområda på Haukeli.
- Dei som nyttar beitet får tilbod om å leige Nupshadlene og Midtfjellsvodlen i samband med stølsdrift i beiteperioden om sommaren.
- Bygningane er tilgjengeleg for fjellstyret resten av året.
- Dersom det ikkje er bruksberettiga som vil nytta beitet gir fjellstyret tilbod om leige av beite med stølsbygningane til ikkje-bruksberettiga – i fyrste omgang dei som leiger i dag.

#### Framlegg til vedtak:

- Fjellstyret lyser ut ledig beite til bruksberettiga frå og med 2024 på beiteområda på Haukeli.
- Nupshadlene og Midtfjellsvodlen blir forvalta i tråd med konklusjonane i sakshandsaminga etter at dagens leigeperiode er gått ut.

---

#### **Referat:**

Tor Helge orienterte frå kontakt med leigetakarane om status for stølane og deira ynskje for ein eventuell ny leigeperiode.

Leigetakar på Nupshadlene har tidlegare kome med forslag om å ta på seg å byggja nytt stølshus for eiga rekning, mot lenger leigecontrakt og klausul om utkjøp etter jordbrukstakst. Beitet for Nupshadlene og Ulevåbotn vil då bli slått saman. Det blei drøfta om det kan vere ynskeleg å sette opp stølshusa ein anna stad i beiteområdet. Tor Helge tek kontakt med han om det.



Det var semje om å gjera det kjent at det er ledig beite i Haukeli-området frå og med 2024 for innanbygdsbuande med bruksrett. Dersom ingen melder seg for å nytta beitet vil fjellstyret gi tilbud om leige av beite og eventuelt stølshus til dagens leigetakarar.

Uregistrerte saltsteinar:

Fjellstyremedlemmene er tidlegare informert om saltsteinar på statsallmenningen, tilhøyrande beitelag som har sau på naboeigedomane. Dette gjeld til saman tre saltsteinar, i følge kartlegginga gjort av Mattilsynet dei siste åra. Ved Holmavatnet har Skjold beitelag sau både nord og sør for Røldal statsallmenning. Fjellstyret trur saltstein ved Lurabekken er viktig for å halde sauen vekke frå Hedlevassdalen, samtidig som det er lite realistisk at ein kan halde sauen vekke frå statsallmenninga ved Holmavatnet.

Tor Helge foreslår at Skjold beitelag som har sau på begge naboeigedomane til Røldal fjellstyre ved Holmavatnet, får tilbud om ein leigekontrakt for denne delen av Røldal statsallmenning. Det blir fyrst undersøkt om det er interesse blant bruksberettiga for å nytta beitet.

Styret slutta seg til dette.

Tor Helge foreslår at fjellstyret bør ta initiativ til at den siste saltsteinen blir fjerna frå statsallmenningen, og at fjellstyret kontaktar dei som har sett opp saltsteinen og Statskog om dette.

Styret slutta seg til dette.

#### **Vedtak (sak 56/22):**

- Fjellstyret lyser ut ledig beite til bruksberettiga frå og med 2024 på beiteområda på Haukeli.
- Tor Helge tek kontakt med leigetakar på Nupshadlene om mogleg nybygg.
- Nupshadlene og Midtfjellsvodlen blir elles forvalta i tråd med konklusjonane i sakshandsaminga etter at dagens leigeperiode er gått ut.